

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

**tirsdag, 22.02.2011 kl. 17.00 (merk tidspunktet) på
Høgda - Øynasenteret.**

SAKLISTE:

- Sak 01/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 10. desember 2010
- ” 02/11 - Årsmelding Stranda kontrollutval 2010
- ” 03/11 - Oppfølging av tidlegare behandla rapportar gjeldande forvaltningsrevisjon og selskapskontrollar
- ” 04/11 - Andre prosjekt innan forvaltningsrevisjon
- ” 05/11 - Kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Stranda kommune (Med atterhald om at rapporten frå Skatteetaten kjem fram tidsnok)
- ” 06/11 - Om opne møte i kontrollutval

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

**KONTROLLUTVALET I
STRANDA KOMMUNE**

MØTEBOK

Møtedato 10.12. 2010 kl. 14.10
Møtestad: Øynasenteret, Høgda

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Per Berge, Hildegunn Brune, Kari Johansen og Magnar Furset
= **5 voterande**

Arne Ola Stavseng hadde meldt forfall.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen og revisjonsrådgjevar Svein Ove Otterlei

Frå Stranda Kommune møtte ordførar Frank Sve og økonomisjef Lars Birger Stige.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

**SAK 20/10
GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 17. NOVEMBER 2010**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 17. november 2010 blir godkjent.

**SAK 21/10
REFERATSAKER**

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Sakene blir tekne til orientering.

SAK 22/10

BUDSJETTERING OG REKNESKAPSFØRING AV INVESTERINGAR

Saksutgreiing datert 02.12.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen sjå til at prosjekt ikkje blir sett i gang utan at godkjenning, budsjettmessig dekning og finansiering er i orden.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen gjere investeringsrekneskapen meir oversiktleg og etterprøvbar, jf m.a. krav om eigen note.

SAK 23/10

TERTIALRAPPORT 1. JANUAR TIL 31. AUGUST FOR STRANDA KOMMUNE OG DEI KOMUNALE FORETAKA

Saksutgreiing datert 02.12.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Orientering gitt av ordførar Fank Sve og økonomisjef Stige:

Det ligg ikkje føre prognosar for resultat pr. 31.12.2010 for kommunerekneskapen eller rekneskapen for foretaka. Det er likevel kalkulert med at kommunerekneskapen vil gå omtrent i balanse. Stranda Hamnvesen KF ligg an til eit overskot på 400.000 kroner og Strandafjellet KF vil få ei avklaring seinare, jf sak 23/10 om skiljet mellom investeringar og drift.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 24/10

VURDERING AV UAVHENGIGHEIT

Saksdokument datert 02.12.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 25/10

STATUS FOR REVISJONSARBEIDET

Saksdokument datert 02.12.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.

Orientering gitt av dagleg leiar for kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen.

I hovudsak gjekk orientering ut på ei avklaring av ei eldre fording på staten til ein sum av 18,5 mill. kroner som gjeld Åkneset og at denne fordringa må finne si avklaring. Orienteringa gjekk også på status for vedtekne forvaltningsrevisjonsprosjekt. Om desse kom det fram at prosjektet gjeldande sentrumsområdet var det målsettinga å ferdigstille dette i løpet av våren 2011.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 26/10

**ORIENTERING OM FORNYINGS- OG UTVIKLINGSPROSJEKTET
(EIGENKONTROLL I KOMMUNANE)**

Saksdokument datert 02.12.2010 frå kontrollutvalsekretariatet.
Orientering gitt av leiar Inge Gjærde og dagleg leiar for kommunerevisjonen, Kjetil Bjørnsen.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Per Berge
medlem
(sign.)

Kari Johansen
medlem
(sign.)

Hildegunn Brune
medlem
(sign.)

Magnar Furset
varamedlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 15.02.2011

**SAK 02/11
FORSLAG TIL ÅRSMELDING 2010 – STRANDA KONTROLLUTVAL**

Det blir vist til vedlagte forslag til årsmelding.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Det framlagte forslaget til årsmelding blir vedteke som årsmelding 2010 for Stranda kontrollutval.

Harald Rogne
dagleg leiar

STRANDA KOMMUNE

KONTROLLUTVALET

ÅRSMELDING FOR VERKSEMDA I 2010

Etter Lov om kommunar og fylkeskommunar § 77 er det pålagt å ha kontrollutval. Utvalet skal på vegne av kommunestyret stå for det løpande tilsynet med kommunen si forvaltning. Utvalet rapporterer og gir innstilling direkte til kommunestyret i saker der dette er oppgåva.

I medhald av kommunelova har kommunaldepartementet fastsett forskrifter om kontrollutval den 15. juni 2004. I forskrifta er det gitt reglar for val og sammensetting av utvalet, om utvalet sitt ansvar og oppgåver, om saksbehandling og sekretariat.

Mellom anna skal utvalet føre tilsyn med at revisjon av årsrekneskapen skjer på ein tilfredstillande måte og at det blir utført forvaltningsrevisjon og tilsyn med eierskapet i selskap der kommunen er eigar eller deleigar i (selskapskontroll).

Etter regelverket skal kontrollutvalet ha eige sekretariat, uavhengig av administrasjonen og den valde revisjon. Sekretariatet skal mellom anna sjå til at sakene som blir lagt fram for kontrollutvalet er forsvarleg utgreidd.

I valperioden 2007 til 2011 har utvalet følgjande samansetning:

Leiar: Inge Gjærde (H)
Nestleiar: Per Berge (Frp)
Medlem: Kari Johansen (H)
Medlem: Arne Ola Stavseng (Sp)
Medlem: Hildegunn Brune (Ap)

Aktiviteten i året

Kontrollutvalget har hatt 6 møte i 2009 og behandla 26 saker. I tillegg til behandling av kommunen sine rekneskap og årsmeldingar, har kontrollutvalet også sett det som ei viktig oppgåve å ha ei løpende oppfølging av kommunen sin økonomiske situasjon gjennom behandling av kommunen sine økonomirapportar.

Av viktige saker har kontrollutvalet behandla to forvaltningsrevisjonsrapportar om kommunen si lånegjeld – ei førebels analyse og ein endeleg rapport. Det har blitt gitt innstilling overfor kommunestyret på bakgrunn av dei tilrådingane som kom fram i rapporten. Kontrollutvalet haqr også vedteke å få framlagt ein forvaltningsrevisjon av dei kommunenale føretaka. Vidare har kontrollutvalet behandla ein tilsynsrapport frå Helsetilsynet I samsvar med

kontrollutvalgforskrifta § 6 har kontrollutvalet hatt ei generell oppfølging av revisjonsarbeidet i Stranda kommune.

Medlemene i kontrollutvalet er kjent med at kontrollutvalet sine oppgaver er mange og viktige. Derfor har det blitt prioritert å ivareta den styrka stillinga kontrollutvalet er forutsatt å ha etter ny lovgiving. Kontrollutvalget har teke sikte på å bidra til at det blir skapt tillit til kommunen og at kommunen framstår som truverdig for brukarar og innbyggjarar i tenesteproduksjon, utøving av mynde og forvaltningsfunksjonar. Tilsyns- og kontrollordninga skal medverke til å skape legitimitet til desse prosessane med ei kritisk og konstruktiv tilnærming. For å nå dette målet har det vore viktig med ein konstruktiv dialog med kommunen si leing.

Stranda, den 22.02.2011

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

Per Berge
nestleiar
(sign.)

Kari Johansen
medlem
(sign.)

Arne Ola Stavseng
medlem
(sign.)

Hildegunn Brune
medlem
(sign.)

SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS

Kontrollutvalet

Dato: 15.02.2011

SAK 03/11
OPPFØLGING AV TIDLEGARE BEHANDLA RAPPORTAR INNAN
FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROL

Av forvaltningsrevisjonsrapportane og rapporten om selskapskontroll i denne valperioden har kontrollutvalet hatt oppfølging av *ein* rapport og det er rapporten om VAR-området som er den eldste. Etter § 12 i kontrollutvalforskrifta skal kontrollutvalet følgje opp at kommunestyret si behandling av slike rapportar blir etterkomne.

Rådmannen har blitt bedt om å gjere greie for kva tiltak kommunen har sett i verk for å oppfylle kommunestyret sine vedtak i desse sakene.

I sak 32/08 i møte 16.12.2008, som gjaldt oppfølging av VAR-området i Stranda kommune, vart slik saksutgreiing førelagt kontrollutvalet:

Kontrollutvalet behandla revisjonsrapporten om sjølvkostprinsippet innan VAR – området i Stranda kommune 11.03.2008 i sak 09/08. Rapporten tok opp relativt mange forhold og kontrollutvalet prioriterte dei viktigaste forholda i si behandling. Vedtaket i kontrollutvalet ga grunlaget for kommunestyret si vidare behandling av saka. Vedtaket lydde slik:

1. *Sjølvkostkalkylene innan avgiftsområda må kvalitetsikrast gjennom etablering av gode rutinar knytt til rekneskap, saksbehandling og dokumentasjon av berekningane som ivaretek følgjande:*
2.
 - *Skiljet mellom drift og investering i rekneskapen*
 - *Eigne fullstendige kalkylar og fond for kvart sjølvkostområde*
 - *Godskriving av sjølvkostfonda med kalkulatoriske renter*
 - *Sørge for god informasjon om kostnader og inntekter knytt til tenestene*
 - *Beslutningsgrunlaget for vedtak om størrelsen på avgiftene må vere tilstrekkeleg utgreidd og opplyst.*
3. *Påviste og avklara feil må rettast opp gjennom regulering av sjølvkostfonda.*

I sak 025/08 den 26.03.2008 gjorde kommunestyret eit likelydande vedtak når det gjeld pkt. 1. Pkt. 2 i kommunestyret sitt vedtak lydde slik:

- *Påvist og avklara feil gjeldande avgiftsinnkreving skal rettast opp*
- *Feilaktig innkrevd avgift skal tilbakeførast innbyggjarane, frå og med 2005*
- *Dei årlege kostnadane med dette skal dekkast opp gjennom låneopptak, jamt. gjeldande retningslinjer*
- *Rådmannen vert pålagt å rapportere attende til kommunestyret status for gjennomføringa av dette vedtak, i kommunestyret den 28.05.2008*

I sak 060/2008 den 10.09.2008 vedtok kommunestyret med visnad til kommunestyresak 025/2008 å sende saka tilbake til administrasjonen med pålegg om å gjennomføre vedtaket i tråd med kommunestyresak 025/2008 med frist for gjennomføring 22.10.2008.

I kommunestyresak 078/08 den 22.10.2008 blir det gjort slikt vedtak:

1. Det blir tatt opp eit lån på kr 4 339 150 til finansiering av VAR i perioden 2005-2007. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra.
2. Kr 4 339 150 brukt av fond i perioden 2005-2007 vert tilbakeført til fond VAR i 2008.
3. Det vert vedtatt fylgjande budsjettendringar for 2008:

39100.9010.8700 finansiering	- 4 339 150
35500.6010.6010 Avsetning til fond vatn	+ 2 282 858
35500.6010.6030 Avsetning til fond avløp	+ 2 056 292
4. Stranda kommune skal ha ein sjølvkost på 100% for VAR vatn og avlaup gjeldande frå år 2009.

Kontrollutvalet behandla ei oppfølging av VAR – saka 16.09.2008 i sak 22/08 og fatta slikt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet sluttar seg til konklusjonane i brev datert 04.09.2008 frå kommunerevisjonen til Stranda kommunestyre.
2. Kontrollutvalet vil be rådmannen om at det i ny sak om oppfølging av VAR-rapporten i samsvar med utsettingsvedtaket i KOM-sak 060/08, blir gitt ein samla oversikt over kor langt kommunen har kome i oppretting av dei feila som rapporten påviser (jf. pkt 1-4 i saksutgreiinga).

Punkt 1 - 4 i saksutgreiinga lyder slik:

1. Stranda kommune har indirekte finansiert investeringstiltak gjennom bruk av fond. Dette er eit klart brot på sjølvkostprinsippet og generasjonsprinsippet. Det inneber at abonnentane i 2006 er belasta med utgifter til tiltak som abonnentar dei næraste 40 åra skulle ha delt på kostnadane for.
2. Stranda kommune har hatt store sjølvkostfond som ikkje er godskrivne med kalkulatoriske renter. Slik har sjølvkostfonda fungert som rentefrie lån frå abonnentane til kommunen.”
3. Det går også fram at det er store avvik mellom kapitalkostnadsgrunnlaget som er lagt inn i reknemodellen og tala i investeringsrekneskapen. I 2003 og 2004 er budsjetterte investeringar lagt inn som kapitalkostnadsgrunnlag og for begge åra sett under eitt utgjer budsjetterte utgifter nærare 8,6 mill. kroner meir enn faktiske netto investeringsutgifter. Gebyrgrunnlaget i 2005 og 2006 er soleis belasta med kapitalkostnadar som ikkje er gjennomført.
4. Det går også fram at Stranda kommune sine sjølvkostfond auka sterkt til og med 2004, og at kommunen for alvor starta å bruke av fond i 2006. Behaldninga i sjølvkostfond ved utgangen av år 2000 på 3,9 mill. kroner skulle vore brukt til å dekkje underskot innan utgangen av 2005. 3-5 årsregelen for framføring av overskot er dermed ikkje overhalden.

Etter kontrollutvalforskrifta § 12 skal kontrollutvalet følge opp at kommunestyret si behandling av forvaltningsrevisjonsrapportar blir etterkomne.

Kommunen si saksbehandling

Eit fellestrekk ved administrasjonen sine saksframlegg når det gjeld VAR – området både før og etter revisjonsrapporten, har vore at dei inneheld lite saksframstilling, dokumentasjon og drøfting av prinsipielle forhold. Ettersom det no er fatta vedtak av kompetent organ gjeldande mange av dei forholda som revisjonsrapporten tek opp, blir det prioritert å fokusere på kvalitetssikring av framtidig saksbehandling.

I dette perspektivet bør følgjande vektleggast:

- Skape tillit mellom kommunen og innbyggerane
- Vektlegge etiske spørsmål
- Sikre sjølvkostfond eldre enn 5 år mot feilaktig bruk som mellom anna underskotsdekning.
- Korrekt etterleving av lover, forskrifter og rekneskapsstandardar på området

Dei kommunale avgiftsgebyra for 2009 vart behandla i kommunestyremøte 12.11.2008. I saksutgreiinga vedkomande vatn og avløp kjem det ikkje fram korleis avgiftsnivået er utrekna. Det blir vist til gjeldande regelverk på området som slår fast at det er krav til dokumentasjon og kalkylar.

I revisjonsrapporten står følgjande om dei tidlegare åra:

Rådmannen sine saksutgreiingar i samband med gebyrfastsetjinga inneheld ikkje opplysningar som gir høve til å vurdere om gebyrinntektene overstig kostnadene ved framstilling av tenestene. Vår vurdering er at kommunestyret sitt avgjerdsgrunnlag ved fastsetjing av gebyra for 2006 ikkje var tilstrekkeleg.

Det går vidare fram:

Rådmannen må sørge for at den informasjon som ligg til grunn når kommunestyret fastset storleiken på gebyra er tilstrekkeleg til å kunne vurdere om gebyrinntektene vil overstige kostnadene, også sett i ein 3 – 5 års periode. Det vert vist til kl. § 23 om administrasjonssjefen sine oppgåver og mynde.

Det blir her vist til Forskrift om begrensning av forurensing §§ 16-1 og 11-1.

Dersom det frå administrasjonen si side er utarbeidd dokumentasjon for 2009 og komande år, burde noko av denne informasjon ha vore med i saksutgreiinga. Det blir forøvrig vist til forvaltningsrevisjonsrapporten om praktisering av sjølvkostprinsippet i Stranda kommune der det same problemet var eit gjennomgåande tema. Det er eit viktig signal å etterleve dei korrektiva som kjem fram i revisjonsrapporten.

Det vart fatta slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen arbeide vidare med å betre praktiseringa av sjølvkostprinsippet for VAR – området i Stranda kommune i samsvar med dei krava som kjem fram i revisjonsrapporten.
2. Kontrollutvalet ber om å få seg førelagt dokumentasjon for kostnader lagt inn i sjølvkostkalkylene for 2009 og komande år.

Punkt 1 og 2 ovanfor har kontrollutvalet ikkje motteke tilbakemelding på.

Selskapskontroll

Rapport om selskapskontroll vart behandla i kontrollutvalet 24.02.2009 i sak 03/09.

Presentasjon av rapport vart gitt av partner Øyvind Sunde og leder offentlig revisjon Bjørn Bråten frå BDO Noraudit Oslo DA

Frå saksutgreiinga kjem følgjande fram:

”Rapporten listar opp kommunestyrevedtaka som låg til grunn for bestillinga av rapporten. Vidare drøftar rapporten 7 problemstillingar og kvar problemstilling er inndelt i 3 delar:

- Vurderingskriteriar
- Fakta og vurderingar
- Konklusjon

Nedanfor er det knytt kommentarar til problemstilling 1, 2 og 7 ettersom det er desse som har det største forbetringspotensialet. For dei øvrige problemstillingane blir det vist til rapporten.

Problemstilling 1 og 2: Fører kommunen kontroll med eigarinteressene sine i selskapa. Mottek kommunestyret tilstrekkeleg og dekkjande informasjon om selskapa?

Ein del av konklusjonen for problemstilling 1 og 2 er at manglande iverksetting av prinsippa i eigarstrategiane medfører at kommunestyret i liten grad mottek informasjon om selskapa gjennom året.

Problemstilling 7: Har selskapa ei effektiv og økonomisk forsvarleg drift?

Når det gjeld Stranda Energiverk AS kjem det fram at det økonomiske resultatet er vesentleg lågare enn forventningane i eigarstrategien for 2008 og framover. Lånegjelda i Stranda Eigedomsselskap AS er svært høg og eigarstrategien om å legge til rette for utbytte er ikkje oppnådd i 2007. Svemorka Næringsbygg har motteke konsernbidrag.

*Rapporten blir avslutta med anbefalingar og kommentarar.
Prioritert rekkefølge på tilrådde forbetringstiltak er denne:*

*Gruppe 1: Informasjons- og rapporteringsrutinar (dialog)
Plassere administrativt ansvar for eigarutøving*

*Gruppe 2: Oppfølging av selskapa sin økonomi
Løpande informasjon frå selskapa
Ta i bruk styrevervregisteret
Årleg eigarmelding til kommunestyret
Revisjon av eigarskapsmeldinga
Drøfte realismen i avkastnings- og utbyttekrav
Drøfte praktiseringa av tilbakeføringa av næringsbygg
Skilje ut/selje eigedomen som er leigd ut*

Gruppe 3: Oversikt over eigarskapet i årsmeldinga

Rapporten har vore til høyring hos dei som har høve til å uttale seg. Det har ikkje kome vesentlege merknader til rapporten.

Tidlegare rapport om selskapskontroll frå 2007 vart utarbeidd på eit tidspunkt før kommunen for alvor sette selskapskontrollen på dagsorden. Fleire forhold i den rapporten er det oppstarta arbeid med. Dette saman med alderen på rapporten gjer at denne ikkje blir lagt fram.”

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling til kommunestyret lydde slik:

Det blir vist til dei forbetringstiltaka som kjem fram i saksutgreiinga ovanfor under gruppe 1, 2 og 3, og kommunestyret ber om at det blir sett i gang arbeid med å utføre desse.

Saka vart seinare behandla i kommunestyret som slutta seg til innstillinga frå kontrollutvalet med ei tilføyning om at arbeidet med oppfølging skulle starte i løpet av 2009.

Lånegjeld

Lånegjelda har vore behandla i to rapportar. I sak 07/10 vart ein forvaltningsrevisjonsrapport (eit forprosjekt) om lånegjeld opp i mot økonomisk bærekraft og tenesteproduksjon behandla.

Kontrollutvalet ga slik samrøystes innstilling over for kommunestyret:

- 1. Kommunestyret tek rapporten om lånegjeld, økonomisk berekraft og tenesteproduksjon til orientering.*

2. *Kommunestyret ber om at det i arbeidet med budsjett og økonomiplan blir innarbeidd i desse konsekvensar av investeringsprogrammet til kommunen og konsekvensar av redusert meirverdiavgiftkompensasjon for å hindre ubalanse i økonomiplanen.*
3. *Kommunestyret ber også om kvalitetssikring av prognosar og økonomisk saksbehandling som gjeld den generelle økonomiske utviklinga i kommunen.*

Kontrollutvalet gjorde vidare følgjande samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til vedtak i sak 02/10 – tema for forvaltningsrevisjon pkt. 1 og 2. Kontrollutvalet vedtek å utvide forprosjektet om lånegjeld, økonomisk berekraft og tenesteproduksjon til ein fullskala forvaltningsrevisjon. Mandatet blir utvida i samsvar med tilrådingane i forprosjektet sitt kapittel 4 med følgjande tema:

- *Kostra-tal for tenesteproduksjon/netto driftsresultat*
- *Kommunale føretak – konsernrisiko*
- *Finansiell analyse av balanse m.a. finansielle egedelar*
- *Sjølvfinansierande gjeld*
- *Konsekvensar av renteendringar*
- *Finansreglement*

Justeringar av mandatet kan gjerast undervegs i samråd med kontrollutvalet. Endeleg rapport skal ligge føre innan utgangen av september, slik at dokumentet kan nyttast ved førebuing av budsjett 2011 og økonomiplan 2011 – 2014.

I sak 18/10 behandla kontrollutvalet endeleg rapport om lånegjelda om same tema:

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling lydte slik:

1. *Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport nr. 08/10 til orientering.*
2. *Kommunestyret ber om at dei problemstillingane som rapporten tek opp blir gitt nødvendig prioritet. Dette gjeld også dei utfordringane og problemstillingane som må finne sin konklusjon gjennom politiske vedtak, mellom anna:*
 - a) *Innarbeide konsekvensane av kapitalkostnadene som gjeld planlagte investeringar i økonomiplanperioden og konsekvensane av redusert meirverdiavgiftkompensasjon, slik at ein har ein økonomiplan i reell balanse.*
 - b) *Vurdere jamnlege stresstestar på finansutgiftene for å halde seg oppdatert på risiko og mulige meirutgifter.*
 - c) *Det bør vurderast å gjere risikoanalyser knytt til økonomi i kommunale føretak og kommunale selskap.*

Kontrollutvalet sine innstillingar til vedtak i begge lånegjeldsrapportane vart vedtekne av kommunestyret.

Før ein har motteke informasjon frå rådmannen om kva som har blitt gjort med desse rapportane, blir det ikkje lagt fram forslag til vedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 15.02.2011

**SAK 04/11
ANDRE PROSJEKT INNAN FORVALTNINGSREVISJON**

Desse er:

Forvaltningsrevisjon i Stranda Hamnevesen KF og Strandafjellet KF opp i mot Lov om offentlige anskaffelser og anna regelverk, herunder § 7 i forskrift om revisjon og eit prosjekt om sentrumsområdet.

Det blir teke sikte på ei nærare orientering om desse i møtet.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVALSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 15.02.2011

**SAK 06/11
OM OPNE MØTE I KONTROLLUTVAL - ORIENTERINGSK**

Som vedlegg følger:

- eINFO10/23 Åpne møter i kontrollutvalg

Vedlagte dokument omhandlar heimel for å lukke eit møte i kontrollutval som har gjort vedtak om å halde møta sine opne. Det går fram at kontrollutval som har bestemt å halde møta sine for opne dører på frivillig grunnlag står fritt til å oppheve ei slik avgjerd i si heilheit og i enkelttilfelle.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Harald Rogne
dagleg leiar

eINFO 10/23 Åpne møter i kontrollutvalg

Fra et medlem og under samlinga for kontrollutvalgssekretærer nylig har det vært reist et par spørsmål vedrørende åpne møter i kontrollutvalg. Vi ser slik på disse spørsmålene:

Møter i kontrollutvalget holdes som kjent for lukkede dører dersom ikke utvalget sjøl har bestemt noe annet, jf. kommuneloven § 77 nr. 8. Men dersom utvalget har bestemt at et møte, eller møtene i sin alminnelighet, skal holdes for åpne dører, vil lovens regler om åpne møter gjelde, herunder reglene i lovens § 32 om at saklista skal være tilgjengelig for allmennheten og at møtet skal gjøres kjent på hensiktsmessig måte.

Hvis kontrollutvalget har bestemt seg for å ha åpne møter, må det da ha hjemmel for å lukke et møte? Det er her en forskjell mellom situasjonen for kommunestyret med flere organer på den ene sida og kontrollutvalget på den andre. De førstnevnte har en lovbestemt *plikt* til å ha åpne møter, jf. lovens § 31 nr. 1, og må derfor ha en lovbestemt hjemmel for å lukke et møte. Kontrollutvalget har i tilfelle gjort sitt valg om å holde åpne møter på *frivillig* grunnlag. Dette innebærer etter vår mening at kontrollutvalget står fritt til å oppheve en slik avgjørelse i sin helhet og også til å avvike fra prinsippet i enkelttilfelle.

Oslo, 21. september 2010
Norges Kommunerevisorforbund

Bernt Frydenberg
Juridisk rådgiver

Norges Kommunerevisorforbund

Revisjon og tilsyn – til beste for kommuner og fylkeskommuner

Postadresse:
Postboks 1417 Vika
0115 OSLO

Besøksadresse:
Munkedamsveien 3B, 3. etg.

Telefon: 23 23 97 00
E-post: post@nkrf.no
Web: www.nkrf.no

Org.nr.: 975 450 694
Kontonr.: 1450.12.70424